

Nedlasting av program (appar) på PC

Det er vanskeleg å gi nøyaktig omtale av framgangsmåten for nedlasting av appar (program), fordi dette kan variere både etter kva for nettlesar du brukar og etter kva for app du skal laste ned. Ein del er likevel likt. I det følgjande brukar vi nedlasting av [SUPERAntiSpyware](#) som eksempel.

1. Søke etter app

Etter å ha opna Internett i din nettlesar (Edge, Google Chrome, Firefox, Internett Explorer) klikkar du i adressefeltet øvst på sida, skriv søkeordet «superantispyware» og trykker «Enter»-tasten. Da får du sannsynlegvis opp nokre tusen treff på nettsider som inneheld søkeordet.


2. Velje rett nettside for nedlasting

Som regel er dei treffa som står lengst oppe «mest riktige», men ver obs på at dei aller første kan vera berre annonser for den aktuelle appen. Du må derfor sjå på nettadressa for dei ulike treffa. Nedafor er eit utklipp som viser 3 treff ved søk på «superantispyware».

Øvste alternativet har nettadresse www.superantispyware.com

Mellomste alternativ har nettadresse download.cnet.com (www. blir etter kvart kutta ut)

Nedste alternativ har nettadresse filehippo.com



The screenshot shows search results for 'SUPERAntiSpyware'. Three callouts labeled 'Nettadresse' point to the following URLs:

- www.superantispyware.com/superantispywarefreevspro.html
- download.cnet.com/SuperAntiSpyware-Free-Edition/3000-8022_4-10523889.html
- filehippo.com

Det kan hende at du vil få tak i den rette appen på alle desse sidene, men den øvste er tydelegvis nettsida til sjølve appen. Dette valget er derfor sikrast. Dei andre vil kunne innehalde andre program enn det du er ute etter, og som du uforvarande kan få med ved nedlastinga.

3. Gratis app – eller betalingsversjon

Dei fleste appane får du både som gratisversjon og betalingsversjon eller «Pro»-versjon. Pro-versjonen er ofte i fleire variantar, og gjerne ein gratis prøveversjon (trial) for ei kort periode. For vår bruk vil gratisversjonen vera godt nok, og pass på at du vel denne. Lenke til gratisappar er oftast merkt som «Free», «Free Edition», eller «Free download» på engelsk.

Her er startsida du skal få opp når du klikkar på: www.superantispyware.com



4. Følg med på nedlastinga


Når du klikkar på den raude knappen  i skjembildet over, startar nedlastinga.

Brukar du nettlesaren «Edge» eller «Internett explorer» kjem det opp ei linje lengst nede på skjermen om lag slik:




NB! På enkelte maskiner står det kanskje «Lagre» og «Lagre som» i staden for «Kjør» og «Lagre».


Brukar du «Google chrome» kjem det opp ein liten dialogboks nede til venstre der det står «SUPERAntiSpyware....exe» med ei lita pil (^) ved sida: Klikkar du på pila (^) så får du opp ein boks i tillegg, slik som vist under. Lengst oppe står det «Open». Om du følg nøye med vil du sjå at PC'en tel ned sekunda som går til nedlastinga er ferdig.



Nettlesaren «Firefox» har enda ein variant, som ser slik ut:



For å komme vidare må du klikke på anten «Kjør» ev. «Lagre» («Edge» og «Internett explorer»), eller «Open» («Google Chrome»), og «Lagre fil» («Firefox»). PC'en vil nå kjøre «sikkerheitssøk», dvs. sjekke om det programmet du prøver å laste ned er sikkert. Deretter kjem dialogboksen under opp. Her spør PC'en: «Vil du tillate at denne appen gjør endringer på enheten». Du får to valg «Ja» eller «Nei», og du må klikke på «Ja» for å komme vidare. Men før du gjer det sjekk det som står vidare i dialogboksen, nemleg kva for app du er i ferd med å laste ned.



5. Vidare gang i nedlastinga

Etter at du har klikka på «Ja», vil det etter kvart dukke opp ymse dialogboksar som du bør følge med på. For nokre appar kan det i enkelte dialogboksar vera avmerkt for ymse tilleggsprogram (appar) som du bør passe deg for. Ein av dei første dialogboksane som kjem opp gjeld spørsmål om å godta «Lisensvilkåra». Desse kan du få opp ved å klikke på avmerkt lenke. Lisensvilkåra er som regel eit omfattande dokument på mange sider, og der det meste dreiar seg om at utgivaren av appen legg alt ansvar på deg som brukar. I tillegg er det m.a. åtvaring om at appen er beskytta med kopirettigheter etter internasjonale avtalar.

Dialogboksane som er vist vidare i dette dokumentet gjeld alle nedlasting av appen «superantispyware»:


Boks 1 gjeld «installasjonsprogrammet» for appen. Her klikkar du «Next»




Boks gjeld Lisensvilkåra. Der står det at du må godta lisensvilkåra for å komme vidare. Klikk på «I Agree»




Boks 3 er informasjon om bruk og ev. registrering. «Product registration» er berre aktuelt dersom du lastar ned ein betalingsversjon. Klikk på «Next».



Boks 4 viser kvar og i kva for mappe appen blir lagra i på PC'en. Standardvalget her er C:\Program Files. Dette kan du endre, men det er på ingen måte nødvendig. Klikk på «Next», og filene til appen blir «pakka ut» og installert.




Boks 5. Her kan du skrive inn e-postadressa di. Dersom du gjer det vil du titt og ofte få meldingar om «viktige» programendringar. Det greiaste er å la feltet for e-postadresse stå ope. Klikk på «Next».




Boks 6. Her avsluttar du installasjonsprogrammet ved å klikke «Finished».

Men obs! Det kjem enda ein dialogboks.



Boks 7. Her prøver produsenten å få deg «på kroken» til å prøve Pro-versjonen.

Pass på å klikke på «Decline» ikkje på den utheva «Start Trial». Klikkar du på den siste så får du Pro-versjonen på prøve i to veker, og deretter stadig påminning om at du må registrere deg og betale.



Etter å ha klikka på «Decline» vil appen komme opp med startsida slik som vist til venstre.

Tilsvarende dialogboksar som er vist frå 1 til 6 vil med ein del variasjon komme opp for dei fleste appar du lastar ned. Men du bør prøve å sjekke kva som står i kvar boks, og spesielt sjå etter om det er «huka av» for tilleggsprogram som kan følge med.

